

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf: 57 65 62 58

Vår ref.

Sak nr.: 09/5397-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.


27887/09

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 25.11.2009

Det Kongelige Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO



Svar frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Høyringsbrev: Forskriftsendringar i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreforma

Hovudutval for plan og næring har i sitt møtet den 24.1.2009 gjort følgjande vedtak i sak 70/09:

1. For at fylkeskommunane skal kunne utøve politisk skjønn innan sine nye ansvarsområde, er det, som eit generelt utgangspunkt, viktig at forskriftene ikkje har ei slik detaljeringsgrad at ein ikkje kan utøve dette skjønnet.
2. Prinsippet om at den som utfører jobben med tildeling av løyve, også skal vere mottakar av gebyret for sakshandsaminga, må også gjelde her. Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer difor at sakshandsamingsgebyret skal tilfalle fylkeskommunane.
3. For ikkje å komplisere kvardagen for næringsaktørane, er det viktig med formalisert og velfungerande dialog og samordning av dei involverte forvaltningsnivåa (i dette tilfelle Fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet). Dette krev m.a. noko endra rutinar i høve til tidlegare praksis der regionkontora og sentralkontor har tilhøyrd same organisasjon.
4. Som ledd i dette arbeidet skal alle meldingar om samlokalisering, samdrift og konsernbiomasse handsamast av fylkeskommunane.
5. Fiskeridirektoratet skal forplikte seg til ein tett dialog med fylkeskommunane *før* ei tilbaketrekking av løyve vert sett i verk.
6. Det er gunstig med *eitt* felles nasjonalt skjema ved tildeling av løyve. Ved utarbeiding av eit slikt skjema, skal det leggest opp til ein formalisert prosess der fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet jamleg gjennomfører evalueringar av utforminga av skjemaet.
7. Fylkeskommunen er open for at det, som ei overgangsordning, kan vere rom for ulike tilpassingar ved dei ulike regionkontora til korleis partane løyser arbeidsfordeling med søknadar som ikkje er ferdig handsama innan 1/1 2010. Hovudregelen skal likevel vere at fylkeskommunane overtek ansvaret frå denne dato.
8. Som ei følge av dei punkta som er diskutert over, forslår fylkeskommunen følgjande endringar i ordlyden i forskriftene som er på høyring:



"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret."

- §5 Fylkeskommunen ynskjer at denne paragrafen blir uendra og at ein ikkje avgrensar Fiskeridirektoratet sitt mynde til å delegere.
- §9 Første paragraf, første punkt: Ei endring av ordlyd frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet" er å sjå på som ei forsterking av Fiskeridirektoratet sitt mynde, noko vi ikkje ynskjer. Her må fylkeskommunane ha ei formell moglegheit for påverknad av utforminga.


"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften)."

- §8 Fylkeskommunen går imot framlegget om å endre første paragraf, andre linje (endring av ordlyd frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet") med same grunngjeving som i paragrafen over.
- §37, 3. ledd, 1. pkt. Her er ordlyden "Fylkeskommunen plikter å utstede tillatelse så snart som mulig, fortrinnsvis innan en uke regnet fra melding ... er mottatt". Fylkeskommunen meiner det er tilstrekkeleg at det står "så snart som mulig".

Forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)

- §6, 2. ledd, 1. pkt: Fylkeskommunen går imot framlegget om å endre ordlyden i "skjema fastsett av Fiskeridirektoratet" til "fastsett skjema" med same grunngjeving som følger av dei to føregåande forskriftene.

Med helsing



Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør

Lena Merete Söderholm
Lena Merete Söderholm
seniorrådgjevar

Vedlegg:

1. Sak 70/09 frå Hovudutval for plan og næring: Sak om forskriftsendringar i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreforma.